

## Voss kulturråd

Årsmelding 2016

Styret i Voss kulturråd var i 2016 sett saman av følgjande personar:

Styreleiar:	Olaug Hamre
Styremedlem:	Øystein Dahl Bridget Penny Lars Mossefinn Trond Remme
Varamedlem:	Stein Helge Mandelid Ragnhild Blikberg
Valkomit�:	Eirik Helleve Tormod Kleiveland Liv Holmstr�m

Ved utgangen av meldings ret hadde Voss kulturr d 39 medlemmar.

Styret har hatt 4 m ter, der kulturr det har handsama 12 saker.

Dei tre hovudoppg vene til Voss kulturr d er   styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturomr det i Voss kommune, vera eit felles taler yr for det frivillige kulturlivet, og   arbeida for   betra rammevilk ra for det frivillige kulturarbeidet i kommunen.

## Kulturr det sitt arbeid i 2016

### Olaug Hamre sin bortgang

Det siste halve  ret har vore prega av at styreleiar Olaug Hamre vart sjuk. Ho gledde seg til ferie med familien til USA der ho skulle bes kje vener og familie. I tillegg gledde ho seg til   delta p  fleire konsertar der borte. D  ho kom heim vart ho sjuk. Dette gjorde at planlagde aktivitetar i Voss kulturr d vart sett p  vent og me h pa i det lengste at ho skulle koma att i r det.

I minneordet som Voss kulturr det skriv st r mellom anna:

*Voss kulturr d er ein relativt ny organisasjon her i bygda. Det er ogs  sjeldsynt at kulturlivet etablerer ei slik samarbeidsplattform og samstundes er eit taler yr og h yringsorgan for kommunen. Dette nybrottsarbeidet leia Olaug fr  f rste dag og heilt fram til at sjukdomen hindra henne i det. Arbeidet har vore krevande. I tillegg til   f  p  plass alt det praktiske som ei slik nyskiping fordrar, skal ein skapa relevans og entusiasme gjennom det daglege virke.*

Me er djupt takksame for det arbeidet Olaug la ned for Voss kulturr d i dei  ra ho var med.

Etter sist  rsm te i mars 2016 og fram til sumaren var desse sakene p  dagsorden:

## Orkesteret Fossegrimen mista si faste løyving frå Hordaland fylkeskommune

Hallvard Bjørge som sit i styret i Orkesteret Fossegrimen var til stades på møtet til Kulturrådet der me vart informert om vedtaket som Hordaland fylkeskommune hadde gjort. Det skulle no bli ein endring frå faste løyvingar til prosjektstønad. Hordaland fylkeskommune hadde i brev til orkesteret Fossegrimen skrive at orkesteret ikkje hadde ein god nok regional profil og difor ikkje lenger kom inn under ordninga med faste løyvingar. Hallvard Bjørge vart beden om å skriva eit brev til Hordaland Fylkeskommune, som og vart undertekna av Voss kulturråd, med argument for vidare faste løyvingar.

## Samarbeid mellom Voss Musikkråd og Voss kulturråd

På årsmøte i 2016 vart det gjort ei endring i statuttane for Voss kulturråd. Voss musikkråd og Voss kulturråd skal dela informasjon om større kultursaker som omhandlar mellom anna kulturmidlar. Dette er ei prøveordning i 2 år. Avtala vart gjort den 24. mai 2016. I Voss kulturråd sit Øystein Dahl som også er styremedlem i Voss musikkråd. Forut for budsjetthandsaminga til Voss kommune i 2016 sende Voss kulturråd ein uttale der ein mellom anna skriv:

*Lag og foreiningar sin frivillige innsats i Noreg er på omlag 60.000 årsverk, reiknar ein dette om for Voss, utgjer dette ein plass mellom 160 og 200 årsverk. Dette er ein uvurderleg innsats som kommunen må vita å setja pris på. Difor meiner Voss kulturråd at Voss kommune justerer tilskotet til frivillige lag og foreiningar i budsjettet for 2016 med kr. 250.000.- for å koma seg opp på eit akseptabelt nivå i høve konsumprisindeksen, og at ein for åra framover aukar denne potten monaleg.*

I budsjetthandsaminga til Voss kommune vart budsjettposten auka med kr. 200.000.-

## Kulturtreff – prosjekt

Voss kulturråd ynskjer å samla kulturkrefter på Voss til ein «uformell» kulturell møteplass der ein legg vekt på samkome og diskusjon rundt utfordringar kulturlivet på Voss har. Me hadde plan om å gjennomføra dette tidleg haust 2016.

## Gamlekinoen

Lars Mossefinn og Trond Remme representerte Voss kulturråd i gruppa som arbeider med nye bruksområde for Voss gamle kino. 1. juni 2016 inviterte Voss kommune Voss kulturråd samt andre samfunnsaktørar og kulturorganisasjonar til ei idémyldring kring prosjektet «Gamlekinoen», og korleis han kan utformast på ein best mogleg måte for kultur og andre aktivitetar. Ein drøfta driftsform, utforming av garderobar, bakscene, og kva aktivitetar som «Gamlekinoen» kunne romma. Resultatet har Voss kommune teke med seg vidare i si planlegging av prosjektet.

Det har også vore møte med prosjektleiar i kommunen – Torbjørg Austrud – der prosjektskissa som er grunnlag for utlysing til anbod er drøfta.

## Samarbeid og møte med Voss kommune om kulturmidlar

Øystein Dahl stilte på møte med Voss kommune der dei ynskte å diskutera kulturmidlane Voss kommune deler ut årleg. Kulturrådet har høyringsuttale på vedtak til innstilling som Voss kommune har til kulturmidlane. Kulturrådet ynskjer lista over innkomne søkjarar etter kvart som dei er komne inn og registrert, og ikkje rett før saka skal til politisk handsaming. Dette for å ha meir reell påverknad på forslag til innstilling. Desse momenta vart lagt fram i møtet, men det vart ikkje semje i saka. Voss kommune kjem til å fortsetje med dagens praksis.

Voss kulturråd har også skrive brev til Voss kommune der me reagerer på at kommunen nyttar konsulent som dagleg leiar av Voss kulturhus i perioden før ein fekk tilsett ny kulturhussjef. Etter vårt syn hadde det vore betre om Voss kommune omprioriterte personar for å ivareta denne stillinga.

## Voss kulturråd ynskjer at Voss kulturskule opprettar desentralisert folkemusikkundervisning på Sundve

Voss kulturråd ved leiar Olaug Hamre sende brev til Voss kulturskule om at laget ynskjer at Voss kulturskule desentraliserer folkemusikkundervisninga med base på Sundve skule.

*Voss kulturråd ber Voss kulturskule koma i gang med desentralisert folkemusikkundervisning med base på Sundve skule. Voss spelemannslag kan heilt sikkert vera ein nyttig medspelar i ein oppstartsfase og som samtalepartnar i ei løpande evaluering av tiltaket.*

Voss kulturråd har ikkje motteke noko formelt svar på innspelet. Innspelet har ikkje blitt teke til fylgje inneverande år.

Lars Mossefinn  
Fungerande leiar

Øystein Dahl  
Styremedlem

Bridget Penny  
Styremedlem

Trond Remme  
Styremedlem